



Referat frå årsmøte Øystre Slidre Idrettslag 2024

Dato	Kl.	Stad
14.03.24	19.30	Idrettens hus, Beitostølen

Frammøtte:

Berit Helle, Reidun Gudny Veflen, Anders Skrebergene, Eirik Syversen, Geir Kjetil Meisdalshagen Haugene, Nicolay Flaaten, Ellen Hæhre, Ove Skaret, Mads Myrvold, Anniken Eckhoff

Saker – sjå «Årsmøtepaper Øystre Slidre idrettslag 2024»

- 1. Godkjenne dei som har stemmerett**
Tilstrekkeleg antal røysteføre frammøtte medlemmar vart godkjent av Årsmøtet.
- 2. Velje møteleiar (dirigent)**
Ove Skaret samrøystes vald.
- 3. Velje protokollfører**
Eirik Syversen samrøystes vald.
- 4. Velje to medlemmar til å underskrive protokollen**
Nicolay Flaaten og Mads Myrvold samrøystes vald.
- 5. Godkjenne forretningsordenen**
Møteleiar gjennomgjekk formalia utan merknader frå Årsmøtet.
- 6. Godkjenne innkallinga**
Innkalling publisert på osil.no 02.02.24 godkjent.
- 7. Godkjenne sakslista**
Sakslista vart godkjent med følgjande endringar:
 - Sak 9b) strykast
 - Sak 14) «Godkjenne valde gruppestyre» vart lagt til
- 8. Behandle årsmeldinga frå idrettslaget**
Leiar Berit Helle presenterte årsmelding frå AU (styret) med følgjande kommentar:
Ski og skiskyting har fått på plass nytt styre til årsmøtet.
Årsmøtet fekk samandrag av årsmelding frå gruppene Allidrett og Karate frå frammøtte gruppeleiarar (Anniken og Nicolay).

Årsmelding samrøystes godkjent.

**9. a) Behandle rekneskapen til idrettslaget**

Leiar Berit Helle gjennomgjekk samandrag av rekneskapen.

Rekneskapen samrøystes godkjent.

9. c) Behandle melding frå kontrollutvalet

Medlem av kontrollutvalet Ellen Hæhre gjennomgjekk melding med følgjande addendum: *Kontrollutvalet gjev si fulle støtte til det arbeidet som er lagt ned den siste tida og ser med optimisme på at ski- og skiskyttaraktiviteten er veg oppover att.*

10. Behandle saker som kjem fram av godkjent saksliste**a) Sak fremja av arbeidsutvalet (styret) vedrørende innskot i dotterselskapet Beitostølen Stadion AS sin egenkapital øyremerkt nedbetaling av gjeld.**

Leiar Berit Helle orienterte om bakgrunn og forslag til vedtak.

Årsmøtet vedtok samrøystes arbeidsutvalets forslag.

11. Fastsetje medlemskontingent på minst kr. 50 og treningsavgift, eller gje fullmakt til å fastsetje treningsavgifter.

Årsmøtet vedtok samrøystes medlemskontingent for 2024 på kr. 100,-/medlem uansett alder. Årsmøtet gjev gruppestyra fullmakt til å fastsetje treningsavgifter.

12. Vedta budsjettet til idrettslaget

Leiar Berit Helle gjennomgjekk budsjettet.

Budsjettet samrøystes vedteke.

13. a) Val av styre

Leiar: Berit Helle (vald for 1 år)

Nestleiar: Anders Skrebergene (vald for 1 år)

Styremedlem: Geir Kjetil Meisdalshagen Haugene (vald for 2 år)

Varamedlem: Åsmund Bakkene (vald for 2 år)

Varamedlem: Anna Marie Jørstad (vald for 2 år)

Samtlege samrøystes vald og klappa inn.

Styret kompletterast av:

Styremedlem: Reidun Gudny Veflen (på val 2025)

Styremedlem: Eirik Fuglesteg Syversen (på val 2025)

b) Kontrollutval

Leiar: Ove Sverre Skaret

Medlem: Ellen Hæhre

Varamedlem: Astrid Fosdahl Bråten

Samrøystes vald og klappa inn. Årsmøtet takkar kontrollutvalet for at dei vil fortsetje sin mangeårige og grundige innsats for ØSIL.

c) Årsmøtet gjev styret fullmakt til å utnemne representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett.

d) Valnemnd

Medlem: Rannveig Hovi (på val 2025)



Årsmøtet gjev styret fullmakt til å finne og utnemne representantar for å komplettere valnemd.

14. Godkjenne valde gruppestyre

Årsmøtet godkjenner valde gruppestyre. Arbeidsutvalet (styret) får fullmakt til å komplettere gruppestyre.

Kommentar frå kontrollutval: Understrekar kor viktig det er at gruppestyra har ein leiar som tek ansvar og får i gang styrets arbeid.

Fagernes, 15.03.24

Eirik Syversen

Nicolay Flaaten

Mads Myrvold